



Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Laingen, 71 25 85 27

ROBEK - Surnadal kommune - Lovlegkontroll av årsbudsjett for 2026 og godkjenning av lån 2026

Vi viser til vedtak i kommunestyret, sak 74/25 den 18. desember 2025, om årsbudsjett og økonomiplan for perioden 2026 til 2029.

Surnadal kommune vart innmeldt i ROBEK 5. januar 2026 fordi de i budsjett og økonomiplan legg opp til å betale tilbake oppstått meirforbruk over meir enn to år etter at det oppstod, ref. kommunelova § 28-1 c. Det inneber at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal føre kontroll med at Surnadal kommune sitt budsjettvedtak er lovleg, jf. kommunelova § 28-3 første og andre ledd.

Lovlegkontrollen inneber ein kontroll av om vedtaket er innholdsmessig lovleg, om det er treft av rett myndighet, samt om det har blitt til på lovleg måte, jf. kommunelova § 27-3 første ledd.

Vår konklusjon

1. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vurdert at **budsjettet for 2026 er i samsvar med kommunelova § 14-10 om balanse i årsbudsjett og økonomiplan.**
2. Etter kommunelova § 28-4 skal kommunar som er registrert i ROBEK utarbeide ein plan for å bringe økonomien i balanse (heretter referert til som tiltaksplan). Som del av budsjettsaka ligg tiltaksplan for å betale ned meirforbruk innan maksimal inndekkingstid, ref. kommunelova § 14-11. **Tiltaksplan er godkjend.**
3. **Statsforvaltaren godkjenner at kommunen går vidare med prosjektet Helsehuset og har elles gitt strengt nødvendige lån til investeringa for 2026.**



Brevet er delt i fem delar:

1. Lovlegkontroll av vedtatt budsjett for 2026
2. Investeringsbudsjett og låneopptak for 2026
3. Om vedteke driftsbudsjett for 2026 – balanse og realisme
4. Statsforvaltaren sine kommentarar til tiltaksplanen
5. Om kommunen sitt ansvar

1. Lovlegkontroll av vedtatt budsjett for 2026

Lovlegkontrollen viser at Surnadal kommune har vedteke eit årsbudsjett for 2026 med økonomiplan som er i balanse.

Formannskapet vedtok innstillinga til budsjett og økonomiplan i møte 3. desember 2025. Budsjett og økonomiplan vart etter dette lagt ut på høyring. Kommunestyret fatta vedtak 18. desember same år i sak 74/25. Dette vedtak var bakgrunnen for at Surnadal kommune vart meldt inn i ROBEK. Statsforvaltaren skal difor godkjenne kommunens budsjett.

Innstilling og vedtaket er fatta av kompetent organ. Innstillinga frå formannskapet har vore ute til offentlig ettersyn. 17. desember hadde Formannskapet igjen saka opp til behandling. Ny innstilling til kommunestyret etter dette. Statsforvaltaren har vurdert at innstillinga frå 17. desember ikkje inneber vesentlege endringar i høve til budsjett lagt ut på høyring. Statsforvaltaren konkluderer derfor med at kommunens vedtak om årsbudsjett for 2025 har blitt til og behandla i tråd med kommunelova §§ 14-2 og 14-3. Det vil seie at det har blitt vedteke av rett myndigheit og blitt til på lovleg måte.

2. Investeringsbudsjett og vedtak om låneopptak for 2026

Statsforvaltaren har med dette godkjent følgjande låneopptaka; jfr vedtak i kommunestyret i Surnadal 18. desember 2025 i sak 74/25:

- Inntil 6 mill. kroner i ordinært lån.
Kommunen har i tillegg 105 mill. kroner i ubrukte lånemidlar frå tidlegare år
- Inntil 5 mill. kroner i startlån i Husbanken
- Inntil 50 mill. kroner i likviditetslån

30. januar var det møte mellom Statsforvaltaren og Surnadal kommune. Kommunen presenterte sitt største planlagde prosjekt, Helsehuset. Statsforvaltaren har etter dette gjort ei grundig vurdering av dei helsefaglege aspekta og sett dette opp mot kommunen sin økonomiske situasjon. Kommunen står framfor ei sterk vekst i talet på eldre i aldersgruppene 80+ og 90+ det neste tiåret. Dagens bygningsmasse er dokumentert ueigna, og tenestene er spreidde over fleire bygg. Eit helsehus med samlokalisering av helse og omsorgstenester er i dette tilfellet vurdert som det mest effektive og berekraftige tiltaket for å møte framtidig personellmangel og samtidig sikre forsvarlege tenester.



Den helsefaglege vurderinga ligg som eit vedlegg til dette brevet. **Statsforvaltaren godkjenner at kommunen går vidare med prosjektet Helsehuset og har godkjent nødvendige lån til investeringa for 2026.** Dette inneber at kommunen i 2026 får lån til å finansiere helsehuset.

Statsforvaltaren vil samtidig signalisere at de ikkje kan vente å få lån til anna enn strengt nødvendige investeringar, før de har betre kontroll med den økonomiske situasjonen.

De har godt med ubrukne lånemidlar, rundt 105 mill. kroner, frå tidlegare år. Desse kjem til fråtrekk når vi innvilgar årets lån. Dersom det skulle vere behov for ytterlegare lån, må kommunen søke om dette på eit seinare tidspunkt i løpet av 2026.

Statsforvaltaren vil vere særleg tilbakehalden med å innvilge låneopptak fram til de har vist at de følgjer tiltaksplan for nedbetaling og de også har betalt ned delar av meirforbruket. Vi har derfor ikkje innvilga lån til alle prosjekta de har i porteføljen for 2026.

Lånegodkjenninga gjeld for følgjande prosjekt:

Eigande avdeling	Hovudprosj.	2026
Aksjekjøp	KLP eigenkapitalinnskudd	1900
Areal- og naturforvaltning	Digitale kart - Fylkesgeodataplan	100
Sentraladministrasjonen	IKT - orkidé	290
Sentraladministrasjonen	IKT- lokalt digitaliseringsprosjekt	700
Teknisk drift	Kulturhus – ombygging ved ny organisering i 2026	2500
Teknisk drift	Helsehus inn i framtida	95620
Teknisk drift	ØYGARDSLIA/VOLLAN	4000
Teknisk drift	Brannteknisk oppgradering kommunale bygg	4500
Teknisk drift	Møbler og inventar NAV - kommunens andel	875
Teknisk drift	Reingjeringsmaskiner	350
Sum alle		110 835

I tillegg kjem prosjekt på sjølvkost området /teknisk drift.

Godkjenninga er gjort med heimel i kommunelova § 14-15 til 14-17 og forskrift av 30.08.2019 nr. 1096 om delegering av myndigheit etter kommunelova, inndelingslova og forvaltningslova, romartal XI.

Lånet til investeringane og startlån vert godkjent med nedbetaling etter kommunelova § 14-18.



3. Om vedteke driftsbudsjett for 2026 – balanse og realisme

Kommunen har lagt fram eit budsjett i balanse, ref. kommunelova §§ 14-10 og 14-11.

Det går fram av kommunelova § 14-4 tredje ledd at økonomiplan og årsbudsjett skal setjast opp i balanse, vere realistisk, fullstendig og oversiktleg. Statsforvaltaren vil i det følgjande vurdere vedtatt årsbudsjett og økonomiplanen opp mot balanse- og realismekravet i kommunelova § 14-4.

3.1 Balansekravet

Kommunens årsbudsjett skal vise korleis kommunens tilgjengelege ressursar er tenkt brukt i løpet av året. Årsbudsjettet er ein bindande plan og har ein bevilgande funksjon. Kommunestyret har plikt til å prioritere og fastsetje bevillingar slik at budsjettet er realistisk og i balanse.

Å sikre kravet til balanse, er i kommunelova grunngjeve med generasjonsprinsippet:

«Et merforbruk av ressurser i dag innebærer at det på et senere tidspunkt må brukes mindre.

Balansekravet er derfor også sentralt for å ivareta generasjonshensyn og en økonomi som gir grunnlag for et godt og stabilt tjenestetilbud. (NOU 2016:4, kap. 19.6.3)

Balansekravet i kommunelova § 14-4 er nærare gjort greie for i § 14-10. Det følgjer av § 14-10 at all bruk av midlar i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midlar.

Årsbudsjettet som er lagt fram er i balanse. Det er ikkje budsjettert med meirforbruk i 2026. I løpet av økonomiplanperioden skal tidlegare års meirforbruk vere inndeckt. Årsbudsjett og økonomiplan slik kommunestyret vedtok i sak 74/25 oppfyller dermed balansekravet i kommunelova § 14-4.

3.2 Realismekravet

Kravet til realisme inneber at dei bevillingar og inntektsrammer som årsbudsjettet byggjer på, skal vere ført opp som anslag ut frå det som er pårekleleg informasjon på vedtakstidspunktet.

Det er inntekt frå skatt og rammetilskot som Statsforvaltaren hovudsakeleg ser til i forhold til realismekravet på inntektssida. Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 520 mill. kroner i årets budsjett. Det beste samanlikningsmodellen kommunane har er prognosemodellen til KS. Surnadal budsjetterer i tråd med denne. I tillegg budsjetterer Surnadal med ei inntekt på 35,5 mill. kroner frå eigedomsskatt og andre generelle driftsinntekter på 38,8 mill. kroner som er frå integreringstilskot. **Inntektene vert vurdert som realistiske.**

Realismekravet gjeld også for utgiftssida. Vurderinga her er i større grad enn for inntektssida basert på skjønn. Det må også vere samanheng mellom dei føresetnader som ligg til grunn for forholdet mellom inntekts- og utgiftssida. **Vi har under tvil vurdert at utgiftssida er realistisk, og merkar oss at det i budsjettet er betydelege nedtrekk på enkeltområder for eller frå 2026.**

Driftsbudsjettet er stramt og vil ikkje tole hendingar som fører til meirkostnadar. Det vil krevje god leiing og gjennomføringskraft for å oppnå effekt av endringstiltaka. *Alle* ledd i organisasjonen må arbeide for å halde kostnadene nede og unngå meirforbruk i vedteken budsjettamme.

Summen av stor usikkerheit knytt til nokon av føresetnadane og små marginalar gjer at det vert svært viktig å halde stram kontroll på kommunen sin økonomi og sørge for løypande oppfølging av driftsnivå innan alle sektorar. Mottiltak må settast inn tidleg om det oppstår meirforbruk også for 2026.



Situasjonen gir grunn til tett oppfølging også av inntektsinngangen gjennom året. Om inntektsoverslaget i budsjettet ikkje skulle halde, må kommunen raskt identifisere avviket og omgåande iverksette mottiltak.

4. Statsforvaltaren sine kommentarar til tiltaksplanen

Etter kommunelova § 28-4 skal kommunar som er registrert i ROBEK utarbeide ein plan for å bringe økonomien i balanse. Tiltaksplanen skal innehalde ei oversikt over nødvendige tiltak, den fungerer som ei tidsplan for gjennomføring og gir ei beskriving av venta økonomisk effekt.

Kommunar i økonomisk ubalanse må gjere nødvendige grep for å få kontroll på økonomien og kome i økonomisk balanse. Det vil seie å gjere nødvendige prioriteringar og tiltak som aukar inntektene og/eller reduserer utgiftene med varig effekt. Kommunar som er i ROBEK, skal fastsetje ein tiltaksplan som viser nedbetaling av meirforbruket og sikrar at økonomien blir brakt i balanse.

Tiltaksplan som ligg som ein del av budsjettsaka, sak 74/25, er godkjend.

Statsforvaltaren vil gi ros til Surnadal for at de allereie før innmeldinga i ROBEK utarbeidde ein tiltaksplan. Dette gir eit godt grunnlag for å raskt komme i gang med endringar. **Tiltaksplan som no er vedtatt blir vurdert som realistisk.** Vi registrerer at fleire tiltak blir utgreidd med tanke på å utvide tiltaksplan i løpet av 2026. Rekneskapen for 2025 er ikkje ferdig, men det er venta ytterlegare meirforbruk for året. Dette gjer det heilt nødvendig med ein utvida tiltaksplan for å dekke inn akkumulert meirforbruk i løpet av seinast fire år etter at det oppstod.

Statsforvaltaren vil påpeike at det er ei betydeleg usikkerheit knytt til verknadstidspunkt og effekt, særleg gjeld dette for større og/eller strukturelle tiltak. Tiltaka må difor følgjast opp tett.

5. Om kommunen sitt ansvar

Kommunelova fastslår at kommunar skal forvalte økonomien sin slik at det økonomiske handlingsrommet blir ivareteke over tid. Økonomien til Surnadal har ikkje blitt forvalta i tråd med dette dei siste åra. Driftsutgiftene har vore høgare enn inntektene utan at tilstrekkelege grep har blitt tekne.

Det er kommunen, ved kommunestyret, som skal prioritere ressursar og som har det overordna ansvaret for den økonomiske styringa, sjølv om kommunen er i ROBEK.

5.1 Kvifor utgiftene må ned

Surnadal har eit udekket meirforbruk frå 2024 på 17,76 mill. kroner. De har ikkje redusert driftsutgiftene og driftsnivået nok gjennom 2025 og ligg an til eit meirforbruk også dette året. Kommunen må tilpasse aktiviteten og strukturen i tenestene til dei inntektene de har, innanfor eit forsvarleg nivå i lovpålagde tenester.

Når ein kommune har økonomiske utfordringar, er det heilt nødvendig at det blir etablert ei felles situasjonsforståing/kriseforståing. Dette gjeld både for kommunestyret, administrasjonen og elles i organisasjonen slik at heile kommunen drar i same retning.

Kommunane er rammestyrte og difor ansvarleg for å tilpasse aktiviteten til inntektsnivået. De som har meirforbruk som skal tilbakebetalast må også ta omsyn til dette. Ved å tilpasse aktivitetsnivået til inntektsrammene skaper det også eit utgangspunkt for å kunne etablere eit økonomisk



handlingsrom. Å tilpasse tenestetilbodet til endra demografi krev omstilling. Det må påreknast auka behov for å flytte ressursar mellom ulike tenesteyr, for eksempel frå oppvekstområdet til pleie og omsorg, i tråd med endringane i befolkningssamansetninga og innbyggjarane sine behov for tenester.

5.2 Styring og kontroll

Kravet til omstilling og effektivisering vil vere særleg stort for kommunar i ROBEK, sidan de må sette i verk tiltak for å rette opp i kommunen si økonomiske ubalanse. Dette stilles ekstra store krav til at kommunens styringsdokument er eit godt verktøy for planlegging og rapportering av tiltak for å kome i økonomisk balanse.

Rapporteringa gjennom året må gi eit realistisk bilde av status og risiko. Den bør innehalde vurderingar av kva som har fungert godt, kva som har vært utfordrande og tiltak som kan gi betre måloppnåing. Rapporten skal vere eit grunnlag for kommunestyret til å justere kursen raskt, enten gjennom endring av ressursbruk, prioriteringar eller strategiske val. Tett oppfølging gjennom året er heilt nødvendig for å sikre gjennomføring av innsparingane i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

Surnadal kommune utarbeidar allereie månadlege økonomirapportar. Vi ber kommunen syte for at desse er av tilstrekkeleg kvalitet til at dei kan brukast som styringsdokument. Kommunen bør også vurdere å gjere desse rapportane offentlege.

Statsforvaltaren vil følge opp Surnadal kommune tett gjennom året.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Maria Laingen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Helsefagleg vurdering, helsehus Surnadal kommune

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Astrups gate 9

6509

KRISTIANSUND N